



Arkivsaknr: 2026/1291-26
Sakshandsamar: Ottar Myrtveit

SAKSFRAMLEGG

Landbruksak - Forskrift - opning av bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved hjortejakt i Masfjorden kommune

Utval

Teknisk utval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner - Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Masfjorden kommune.

Samandrag

Saka er sendt på høyring med frist 01.09.2026. Saka vert lagt fram for TU (Teknisk Utval) 01.09.2026 til uttale, og til kommunestyret 23.09.2026 for avgjerd. Deretter vert den lagt i Norsk Lysingsblad, kommunen si heimeside, og valda vert orienterte om utfallet.

Bakgrunn

Landbruksdirektoratet kom med ein veileder for - fastsettelse av lokal forskrift for opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemidler til jakt på hjort den 30.07.2026.

Viltresurslova §26 forbyr bruk av restlysforsterkande og termiske siktemidler til jakt. For at Masfjorden kommune skal kunna åpna for bruk av slike siktemidler til jakt på hjort må det vera for å avverga skade på natur- eller samfunnsinteresser. Masfjorden har sendt saka på høyring til valdansvarlege, og aktuelle organisasjonar og etatar med frist 01.09.2026 på attendemelding. Heile saka ligg også på heimesida til kommunen under kunngjeringar og høyringar.

Då saka skal opp i TU 01.09 same dag som høyringsfristen, blir innstillinga slik administrasjonen ser saka pr dd. Utfallet vil nok ikkje endra seg, då saka er ganske eintydig. Kommunen har fått inn svar frå 12 vald som ynskjer desse siktemidlane i jakta, samt 5 enkeltpersonar/lag. 1 vald er negativ og 39 vald har ikkje svart.

Vurdering

Administrasjonen tek svara til orientering. Det er eit klart svar frå valda at denne forskrifta ynskjer ein å opna for i Masfjorden. Saka er dog litt meir nyansert om ein ser på etiske sider som at dyra sin rett til å kunna beita og finna skul i mørket. Med desse siktemidlane er det vanskelegare å skula seg i mørket.

Brukt med fornuft er det likevel fleire moment som talar for at denne forskrifta slik den ligg føre kan godkjennast i Masfjorden. Forskriftsforslaget ligg i vedlegget.

Vedlegg

- 1 Høyring - forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Masfjorden kommune
- 2 vårteljing2027
- 3 Forskrift-termisk